



*Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.*

*For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimeisig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".*

## Kulturkonsulent - 100% vikariat

### Stillingsinformasjon

Det er ledig vikariat som kulturkonsulent frå 1.3.2019 - 31.12.2019. Vi søker deg som er fleksibel, kreativ, nytenkande og serviceinnstilt, og har eit tydeleg fokus på fagleg kompetanse, samarbeid med organisasjonsliv, prosjektarbeid og utvikling. Du likar at det skjer mykje, og er god på å organisere eigne oppgåver og portefølje i ei travel arbeidskvardag.

Stillinga vil ha arbeidsoppgåver i Meland og Lindås kommunar, i tillegg til å støtte opp under arbeid i dei tre kommunane i høve bygginga av nye Alver kommune.

Kontorstad vert i utgangspunktet Frekhaug i Meland, men kan endre seg i løpet av tilsettingsperioden.

### Arbeidsplass

Kulturtenestene driv bibliotek, kulturskule, frivilligsentral, kulturbasert ungdomsarbeid, kulturfagleg rådgjeving og administrativ sakshandsaming. Kommunane har ei sterk frivilligheit, er rik på lag og organisasjonar og har ein høg del kunstnarar og kulturutøvarar.

Du vert del av eit kunnskapsrikt, erfarent og engasjert kollegium som brenn for det breie kulturfeltet i sine arbeidskvardagar.

Frå 1.1.2020 trår nye Alver kommune i kraft, som vil ha nærmare 30 000 innbyggjarar og eit svært rikt kultur- og organisasjonsliv, med spanande utviklingshøve og -behov.

### Arbeidsoppgåver

Sentrale oppgåver for stillinga vil vere

- Arbeid med kunnskapsgrunnlag for kulturminneplanar i Meland og Lindås kommunar
- Koordinering og oppfølging av utviklingsprosjekt innan friluftsliv
- Førebuing til Meieriet Frekhaug, kultur- og ungdomsbygg som opnar i 2019, i samarbeid med ungdomskoordinator.
- Fagressurs inn mot kommunale prosessar
- Kontakt og samarbeid med lag og organisasjonar, vere fagressurs og koordinerande og utviklande kraft overfor kultur- og organisasjonslivet
- Styrke og vidareutvikle kulturtenestene fram mot Alver kommune
- Generelt kulturarbeid og sakshandsaming, mellom anna av tilskotsordningar og gjennomføring av faste kulturhendingar

Kvelds- og helgearbeid må påreknast

### Kvalifikasjonskrav

Du må ha høgare utdanning innan kulturetta fag, og/eller idretts- og friluftslivsfag. Anna utdanning med relevant praksis kan vurderast. Det er ønskjeleg med kulturminnefagleg kompetanse.

Du har høg samarbeids- og gjennomføringsevne, er god på kommunikasjon og har god skriftleg og munnleg framstillingsevne. Du trivst med å jobbe sjølvstendig, men er òg glad i å jobbe tett med andre i team. Du kjenner samtidskulturen og strømingar i samfunnet.

Du er oppdatert innan IKT-feltet og sosiale medier, og kan orientere deg raskt i ny programvare og webportalløysingar. Du har kunnskap og erfaring med normal programvare, mellom anna Office. Det er ønskjeleg med grunnleggjande erfaring med Adobeporteføljen og Qgis/Gisline eller liknande.

Det er ønskjeleg med erfaring knytt til prosjektarbeid, tilskotsordningar og utarbeiding av rapportar. Det er ønskjeleg med kjennskap til kommunalt styringssystem og sakshandsaming.

Det vil verte lagt vekt på kunnskap og erfaring innan kulturfeltet, og personleg eignetheit for stillinga. Administrasjonsspråket i Meland og Lindås kommunar, og framtidige Alver kommune, er nynorsk.

Det er krav om førarkort klasse B.

### Vi tilbyr

Eit utfordrande og spanande vikariat, på vegen inn i nye Alver kommune

Hyggelege, kompetente og engasjerte arbeidskollegaar

Høve til å vere med å utvikle kulturtenestene fram mot Alver kommune.

Sjølvstendige arbeidsoppgåver

Løn etter gjeldande tariffavtale

God pensjonsordning

**Søknad skal sendast**

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

**Generell informasjon**

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

*Søknadsfrist* 24.02.2019

*Utlyst dato* 05.02.2019

*Vårref*

115/19

**Kontaktperson**

Eirik Bouwer Utne, Kultursjef, tlf: 56171059, mobil: 93413089, eirik.utne@meland.kommune.no